



Like nord for Leirvik på Stord ligg Hystadmarkjo, med edellauskog-reservat, turstiar, flotte badeplassar og mange synlege kulturminne.

Just north of Leirvik on the island of Stord, Hystadmarkjo is an area containing a deciduous forest reserve, footpaths, some good bathing spots and many ancient monuments.



Foto: Magne Langåker

### Rute og ymse av interesse

**Terreng:** Godt tilrettelagt og grusa sti, stort sett flatt, med unntak av første bakken ned frå parkeringsplassen på Storhaug (1). Høver for rullestolbrukarar, som kjem lettast til ved å parkera i Sævarhagsvikjo (9).

**Tid:** Ca. 2 km tur/retur - 1 - 1 1/2 time.

For å koma til Hystadmarkjo må me følgja Rommetveitsvegen-Fv57 Ein kan enten ta av mot Storhaug (1), skilta *Hystadmarkjo*, eller mot Sævarhagsvikjo (9), skilta *Tyneset* Her er gode parkeringsplassar.

Langs turstien er det fleire informasjonstavler om natur-, kultur-, miljø- og friluftskvalitetane i området.

Me vel å skildra turen frå sør til nord, og startar frå Storhaug (1). Frå parkeringsplassen her går me merka tursti ned bakken til Straumen (2). Nederst i bakken følgjer stien inngjerdinga for Leirvik Sveis A/S som produserer 8-10 etasjar store bustadseksjonar til oljeplattformene i Nord-sjøen. Her får me oppleve kontrasten mellom tungindustri og naturreservat, vegg i vegg!

Brua over Straumen fører oss inn i ein grøen oase. Innanfor brua ligg ein

### Route and places of interest

**Terrain:** Well-maintained gravel path, mainly flat, apart from initial descent from Storhaug car park (1). Suitable for wheelchair users, who will find it easiest to park at Sævarhagsvikjo (9).

**Time:** 1-1.5 hours (approx. 2km there and back)

The area is reached via the Rommetveit road, Fv57. Make for either Storhaug (1), following signs for *Hystadmarkjo*, or Sævarhagsvikjo (9), following signs for *Tyneset*. Ample parking at both locations.

Numerous boards along the path provide information on nature, history, environment and recreation. The route described here is from north to south, starting from Storhaug (1). A marked footpath leads downhill from the car park to Straumen (river) (2). At the foot of the hill, the path skirts the premises of Leirvik Sveis A/S, which fabricates 8-10-storey accommodation blocks for North Sea oil platforms.

Crossing the bridge over Straumen, you enter a green oasis. Beyond the bridge is a shallow pond with the largest concentration of sea club-rushes in Hordaland. Surrounding this, and extending northwards, is Norway's largest coastal forest of black alders, a nature reserve of international



grunn poll med største førekomsten av havsivaks i Hordaland. Kring denne, og vidare nordover eit 200 da stort areal, ligg den største svartor-strand-skogen i Noreg. Denne er freda som naturreservat med internasjonal verneverdi. *Her er det ikkje lov å plukka blomar eller ta med seg noko anna plantemateriale. Alt er freda.*

På vandringa gjennom skogen mot Apalvikjo (3) vil me kunna sjå mykje kristtorn, eit nydeleg syn både sumar og vinter, med sine heilårsgrøne blad. Hoptantene av kristtorn får raude bær til jul. Når me går gjennom steingarden, kjem me fram til den flotte badestranda i Apalvikjo. Her kan me vassa ut til Tyttebærholmen (4) på fjære sjø.

Ved Russeklubben (5) ligg det fleire gravrøyser oppe på høgaste kollen. Desse er frå bronsealderen - 3.500 år gamle. Røysene er freda som fornminne, og skal liggja som urørte dokument for framtida.

Stien går vidare rundt heile Mjelkevikjo (6). Her er strandbotnen leiraktig og fargar sjøen mjølkekvit når det er bølger innover vika. Her er det ikkje så attraktivt å bada. Tilhøva er betre utover mot Søre Tyneset (7).

Stien passerer langs steingarden til kolerakyrkjegarden (8). Denne vart bygt etter koleraepidemien i 1849. Sjukdomen er svært smittsom, og ein kjende ikkje smittekjelda. Ein var redd for at jordsmonnet over gravene kunne smitta. Difor ville ein ikkje gravleggja koleradøde på den vanlege kyrkjegarden i bygda. Kolerakyrkjegarden vart lagt avsides i utmarka på Tyneset. Nærleiken til stranda kjem av at sjøen var transportåra. Landevegane i dette distriktet kom seinare på 1800-talet.

Så kjem me fram til båthamna i Sævarhagsvikjo (9). No kan me gå same vegen attende, eller me kan gå opp til Rommetveitsvegen og attende til Storhaug.

importance. *You are not permitted to pick flowers or remove any other plants - they all have protected status.*

Walking through the woods towards Apalvikjo (3), you will notice a lot of holly bushes with their evergreen leaves. At Christmas time the female bushes have red berries. Beyond the stone wall, you come to the pleasant beach at Apalvikjo, from where you can wade across to Tyttebærholmen ('cowberry island') (4) at low tide.

At Russeklubben (5) you can see several Bronze Age burial mounds atop the highest hill. These 3,500-year-old mounds are preserved as an ancient monument, to remain intact for future generations.

The path continues round the shores of Mjelkevikjo (6). The name means 'milky bay', because the seabed is clayey, turning the sea milky white as the tide comes in. This is not a particularly good bathing spot - Søre Tyneset (7) offers better opportunities.

Next the path skirts the wall of the cholera graveyard (8), built following the cholera epidemic of 1849. The source of this highly infectious disease was unknown, and people were afraid that the soil covering the graves might become infected, which is why the victims were not buried in the normal churchyard, but here in the wilds at Tyneset. The graveyard was placed close to the beach because the sea was the main transport route - roads did not reach this district until the late 19th century.

This brings you to the harbour at Sævarhagsvikjo (9), from where you can return by the same route or follow the main road (Fv57) back to Storhaug.

---

#### **Hugs:**

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### **Remember:**

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.